



Arkivnr: 2014/22536-4
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016
Fylkestinget		08.03.2016

Midlar til punktutbetring og trygge skuleveggar, 2016

Samandrag

Ved handsaming av sak PS 95/2015 den 9. desember 2015 gjorde fylkestinget slikt vedtak:

Midlar til punktutbetring/Trygge skuleveggar

Fylkestinget set av 31,3 millionar til punktutbetringar på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen skal til fylkestingsmøtet i mars fremje ei sak med aktuelle vegstrekningar prioritert regionvis, med muligheit for rask realisering. Trafikksikring av skuleveggar skal ha høg prioritet.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om aktuelle mindre tiltak som kan gjennomførast på fylkesvegnettet i 2016. Saka er todelt, - størsteparten av midlane vert tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, medan ein tredjepart av midlane vert gjort søkbare for kommunane.

Statens vegvesen har saman med fylkeskommunen utarbeidd ut liste med aktuelle tiltak. Desse tiltaka er valt ut med bakgrunn i trafikktryggleik, trong for mindre utbetringar/punktutbetring og at dei er gjennomførbare på kort sikt. Det vert og lagt fram forslag om at nokre av midlane kan gå til ny asfalt på nokre strekningar. Tiltaka i lista frå Statens vegvesen har ein totalkostnad på 21 mill kroner.

Vidare rår fylkesrådmannen til at nokre av midlane vert gjort tilgjengeleg gjennom søknad frå kommunane. Ut frå dette er 10 mill kroner sett av til ei søknadsordning, lagt til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det vert lagt opp til at FTU kan handsame søknadane i sitt møte den 27. april.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjev sin tilslutnad til at tiltak på totalt 21,3 mill kroner vert gjennomført i tråd med forslaget frå Statens vegvesen.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 10 mill kr. i 2016. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.01.2016

Bakgrunn

Ved handsaming av sak PS 95/2015 den 9. desember 2015 gjorde fylkestinget slikt vedtak:

Midlar til punktutbetring/Trygge skuleveggar

Fylkestinget set av 31,3 millionar til punktutbetringar på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen skal til fylkestingsmøtet i mars fremje ei sak med aktuelle vegstrekningar prioritert regionvis, med muligheit for rask realisering. Trafikksikring av skuleveggar skal ha høg prioritet.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om aktuelle mindre tiltak som kan gjennomførast på fylkesvegnettet i 2016. Saka er todelt, - størsteparten av midlane vert tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, medan ein tredjepart av midlane vert gjort søkbare for kommunane.

Statens vegvesen har saman med fylkeskommunen utarbeidd ut liste med aktuelle tiltak. Desse tiltaka er valt ut med bakgrunn i trafikktryggleik, trong for mindre utbetringar/punktutbetring. Det vert og lagt fram forslag om at nokre av midlane kan gå til ny asfalt på nokre strekningar. Tiltaka i lista frå Statens vegvesen har ein totalkostnad på 21 mill kroner. Når det gjeld strekningane som skal asfalterast vil ein komme attende til det i asfaltprogrammet.

Vidare rår fylkesrådmannen til at nokre av midlane vert gjort tilgjengeleg gjennom søknad frå kommunane. Ut frå dette er 10 mill kroner sett av til ei søknadsordning, lagt til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det vert lagt opp til at FTU kan handsame søknadane i sitt møte den 27. april.

Aktuelle tiltak – tiltaksliste på 21 mill kr

Statens vegvesen har utarbeidd eit forslag til bruk av midlane. Dei aktuelle forslaga er i tråd med kriteria. Statens vegvesen er klår på at det er avgjerande at tiltaka er så enkle at dei kan gjennomførast i 2016. Dette inneber at tiltaka er planavklarte og kan gjerast innanfor eksisterande veggrunn. Så langt det let seg gjere er tiltaka fordelt jamt i fylket. Tiltaka som er vald ut er ein del av prosjektlita som Statens vegvesen arbeider ut ifrå når dei utarbeider forslag til dei årlege Plan- og byggeprogramma.

Tiltaka i framlegget er av følgjande karakter; fartsdempande tiltak, tiltak for utbetring av sikt, oppsetjing av rekkverk, veglys, utbetringa v murar/kantar, fjellsikring osv. Mange av tiltaka er knytt til skuleveg og mjuke trafikantar.

Tiltak etter søknad frå kommunane – 10 mill kr

Mange kommunar har ofte ønskje om å få gjort mindre vegtiltak på fylkesvegnettet, men opplever at det tek tid å få desse prioritert på fylkesvegbudsjettet, jf det årlege Plan- og byggeprogrammet. Ofte kan dette også vere tiltak som er høgt prioritert i dei kommunale trafikksikringsplanane.

Som eit ledd i dette vart det gjennom *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* etablert ei eiga tilskotsordning kalla «Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak». Det er Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) som handsamar denne tilskotsordninga. Dei to siste åra har ordninga hatt ei ramme på 2 mill kroner. Kommunane kan her søkje om tilskot til tiltak på kommunalt eller fylkeskommunalt vegnett, der fylkeskommunen kan gje tilskot på inntil 70 pst av totalkostanden. Tiltaket sin totalkostnad kan ikkje overstige 250.000 kr. Erfaringane frå denne tilskotsordninga er gode, og mange mindre trafikksikringstiltak har blitt etablert gjennom denne ordninga dei siste åra. Talet på kommunar som søker aukar også for kvart år, og i 2016 søkte 18 kommunar om tilskot til totalt 41 ulike tiltak.

Erfaringane frå denne ordninga viser at det er grunnlag for å invitere kommunane inn i slik arbeid. Det er gjerne på lokalt plan at ein best kjenner til utfordringar på vegnettet og utryggleikspunkt i samband med skuleveg. Gjennom å gjere delar av midlane på 31,3 mill kr søkbare for kommunane, vil den lokale forankringa i tiltaka styrkast.

Aktuelle krav som bør stillast til søknadane er:

Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.

Tiltaket må ferdigstillast innan 2016.

Tiltaket bør omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.

Det kan søkjast om midlar til prosjektering, men ikkje til planlegging etter Plan- og bygningslova.

Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Dette må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.

Det vil vere eit føremonn om kommunen er med å dekke delar av tiltaket.

Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen rår til at framlegget til tiltak, jf liste frå Statens vegvesen, vert teke til følgje. Det er her vesentleg at tiltaka er så enkle at dei kan gjennomførast i 2016. Noko som inneber at dei er planavklarte og kan gjerast innanfor eksisterande vegggrunn. Etter fylkesrådmannen sitt syn er det eit tungtvegande argument at tiltaka som er vald ut, er ein del av prosjektlista som Statens vegvesen arbeider ut ifrå når dei utarbeider forslag til dei årlege Plan- og byggeprogramma. I samband med gjennomføringa av tiltaka vil fylkesrådmannen be Statens vegvesen om at det vert gjennomført ei kartlegging av før- og ettersituasjonen av tiltaka.

Fylkesrådmannen rår vidare til at det vert etablerer ei tilskotsordning på 10 mill kr for kommunane, med handsaming av søknadane i FTU sitt møte den 27. april 2016. Erfaringane frå liknande FTU-tilskotsordning er gode, og kommunane viser stor interesse for å søkje. I etterkant av prosessen bør det etter fylkesrådmannen sitt vurdering gjennomførast ei enkel evaluering, særleg med tanke på om dette er ein type arbeidsprosess som bør halde fram også i kommande år.